



Krangling heime

Mål for økta: Barna lærer at det er forskjell på diskusjon og krangel. Dersom barna blir redde av krangling er det lurt å seie frå når det er roleg, enten til foreldra sjølve, eller til ein annan trygg vaksen.

Sjå på bildet og snakk saman om det de ser:

- Kva ser vi på dette bildet? Kva gjer dei vaksne? Kva gjer barna? Kvifor gjer barna det?

Fortel barna korleis det kan vere når foreldre kranglar mykje:

I ein familie kan vi både vere glade i kvarandre OG diskutere og vere ueinige. Det er heilt normalt. Når vi diskuterer kan vi få høg stemme og sjå strenge ut i ansiktet, og kanskje bruke armene til å vise og forklare. Det er ikkje alltid lett å vite forskjellen på diskusjon og krangling. Men dei to foreldra på bildet ser ut som dei kranglar, for dei ser ut som dei er sinte på kvarandre. Og barna syns det er skummelt. Den eine held seg for øyrene fordi det er vondt å høyre på, og den andre søker trøyst og støtte hos den andre. Når dei vaksne på bildet kranglar slik, gjer det vondt for barna. Barna blir redde, og ingen vaksne hjelper dei å bli trygge akkurat no. Det er ikkje så bra.

Vaksne må få lov å vere ueinige og diskutere av og til, men helst ikkje sånn at barn blir redde. Desse to vaksne burde ta ei lita pause og roe ned følelsane sine litt. Så kunne dei heller snakka med kvarandre når dei var rolege. Då kunne dei brukt vanlege stemmer og ikkje laga skummel stemning i huset. Det ville vere betre for barna.

Kva kan barn gjere viss foreldra kranglar på ein sånn skummel måte? Akkurat medan krangelen varer er det ikkje så mykje dei kan gjere anna enn å ta vare på kvarandre slik desse to gjer. Det er ikkje barn sin jobb å få foreldre til å slutte å krangle. Men etterpå, eller seinare, kan det vere lurt å sei noko om det. Enten sei frå til mamma eller pappa at barnet blir redd når dei kranglar, eller fortelje til ein vaksen barnet er trygg på at det er mykje vond krangling heime. Då kan foreldra få hjelp til å slutte å krangle så mykje.

Dersom nokon spør om faren slår, eller begynner å snakke om vald:

Nokon vaksne blir så sinte at dei slår eller kastar ting, eller gjer andre ting som er vald. Det er ikkje lov. Ingen vaksne har lov å skade andre vaksne, og ingen vaksne har lov å skade barn. Ikkje slå, ikkje sparke, eller lugge eller knipe eller noko slikt. Det er heller ikkje lov å late som man skal gjere det, true med det. Viss barn opplever det har dei ALLTID lov å fortelje det til andre vaksne dei kjenner og er trygge på, for da kan familien få hjelp.

(Sjå også samtalebildet om vald).